



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1560 - 18/19120

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

20.06.2018

Førebels svar - trong for tilleggskonstruksjon - gbnr 185/100

Tiltak: påbygg vaskehall
Byggjestad: Gbnr: 185/100
Tiltakshavar: Hfk Bussanlegg Knarvik AS
Ansvarleg søkjar: Hordaland fylkeskommune

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.05.2018.

Søknaden gjelder tilbygg i form av vaskehall for busser til HFK Bussanlegg Knarvik AS med opplyst BRA 58,3m². BYA er uendra då tilbygget skal førast opp på eksisterande konstruksjon. Eksisterande port fjernast og vegg vert opne i full høgde og bredde mot tilbygg. Tilbygget vil byggjast i flukt med og ha same høgde som eksisterande bygning og avsluttast med ein port. Det er opplyst at bærekonstruksjonar er sjekka, sjå planteikning, datert 03.05.2018.

Vi viser også til e-post mottatt 20.06.2018. Kommunen må forholde oss til gjeldande plan med føresegn for søknad innkomen 16.05.2018, sjølv om det vert opplyst at ein endring er på gang. Vi har ikkje heimel til å fatte vedtak på ein endring som ikkje er trådd i kraft pr. dags dato. Vi kan såleis ikkje gje IG-løyve på deler av tiltaket på «utskifting av stålrekkverk til betong» når søknaden på noverande tidspunkt ikkje er i samsvar med plan og ikkje komplett i høve nabovarsling, dispensasjonssøknad frå detaljplan og byggjegrænse, samtykkje frå arbeidstilsynet samt høyringsuttale frå Statens Vegvesen i høve regulert byggjegrænse, sjå vidare utgreiing i dette skriv.

Når søknaden er komplett, vil vi prioritere saka då tilbygget er ein del av naudsynt drift for bussanlegget.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor områdeplan Fylkesveg 57, Knarvik-Isdalstø med plan id 1263-201201 og med arealføremål N/B Kombinert Næringsområde/bustadområde. Bygninga på eigedomen er vist som «Bygg som er forutsett fjerna».

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket krev dispensasjon frå detaljplan, jf. føresegn §§ 6 annet ledd og 2.1:

§ 6 BYGNINGAR OG ANLEGG – N/B KOMBINERT NÆRINGSOMRÅDE OG BUSTADOMRÅDE

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-7

- 6.1 Byggeområde for kombinert næring og bustad kan nyttast til kontor, offentleg og privat tenesteyting og bustader. Kjøpesenter, lager eller plasskrevjande vareslag som bilar, motorkjøretøy, trelast og andre større byggevarer er ikkje tillatt.

Det er krav om detaljplan for heile området, jfr. føresegnene sitt punkt 2.1.

§ 2 PLANKRAV OG UTFYLLANDE PLANAR

- 2.1 Krav om detaljregulering jfr. Plan- og bygningslova § 12-7, nr 10, 11 og nr. 12

For fylgjande område skal det utarbeidast felles detaljreguleringsplan for heile området jf pbl §12-3, supplert med illustrasjonsplan:


- S1 Kollektivterminal / sentrumsformål
- N/B Kombinert Næringsområde / bustad

Detaljregulering skal mellom anna vise tilkomst, utnytting, byggehøgder, volum, plassering, høgder og hovudtrekk i utforming av bygg, terrenginnrep, utomhusareal (kvalitet og mengd), gangvegar/passasjar internt og som del av eit større nettverk, parkeringsløyising, sykkelparkering og evt støyskjerming. Det skal også gjerast greie for lysinnfall og soltilhøve for bustader, samspel med naboeigedom, eventuell etappevis utbygging, korleis varme- og energibehovet skal løysast, samt handtering av varetransport og boss. Krav til ferdigstilling av grøntareal og offentlege passasjer skal inngå i detaljplanane.

Kommunen skal ha terrengsnitt og fotomontasje / 3D illustrasjonar som syner korleis byggeområda skal passa inn i høve til kringliggjande bygg, landskap og byrom.

2. Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggegrense, sjå plankart.

Kartutsnitt frå Gemini, datert 20.06.2018.



3. Samtykkje frå arbeidstilsynet er krevd før ein kan gje løyve til tiltak i eit trinn jf. arbeidsmiljøloven § 18-9, jf. §1-2.

Byggjengrensa er vist med stipla grense mot både fylkesveg og europaveg, vi må ha uttale frå Statens Vegvesen. Kommunen vil sende søknaden på høyring til Statens Vegvesen.

Grad av utnytting og byggehøgder vert sett i samband med utarbeiding av detaljplan, jf. føreseng § 4.1. Dispensasjonen må handsame grad av utnytting i høve tiltaket.

Plankart og føresegn er lagt med dette skriv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 25.07.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tunnel på FV57, Knarvik - Plankart (367185)
tunnel på FV57, Knarvik - føresegn (367186)

Kopi til:

Hfk Bussanlegg Knarvik AS	Postboks 7900	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------